

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 15.02.2013

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- SAMARBEIDSAVTALE OG PARTNARSKAPSAVTALE - KARRIERE HAFS
- SØKNAD OM FRITAK FRÅ POLITISKE VERV AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID OM
- NORDHORDLAND LEGEVAKT OG ØYEBLIKkelig HJELP (ØH) DØGNILBOD
- MODALEN - MONGSTAD. HØGSPENTTRASÉ 300 (420) KV - NYE TRASÉALTERNATIV - HØYRING
- RUTETILBOD FOR KABELFERJE MJÅNES-HISARØY - KOMMUNALE TILLEGGSRUTER

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 12.00.
Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på www.gulen.kommune.no Nye saker kan kome til.
Møte er oppe for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Sjølv om vi allereie er komne vel ein måned inn i det nye året, vil eg ynskje dykk alle eit godt nyttår.



Den siste tida har vore prega av gisselsaka i Algerie, der ein av våre innbyggjarar var involvert. Det var lange dagar med uvisse om kva som skjedde, og mange spekulasjonar i media. Dette var tungt å bere, og spesielt for familiane til dei det gjaldt. For vår del enda det godt, og vi er glade for det, men vi tenkjer òg på dei familiane som ikkje fekk sine heim i live.

I vinter har vi arbeidd med kommunedelplanane, og har hatt bygdemøte både i Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Det var godt oppmøte på alle stader, og det kom inn mange gode forslag på korleis vi kan utvikle bygdesentra våre. Alle desse forslaga vert no gjennomgått, og så vert det ein ny runde med folkemøte utpå våren. Eg vil oppmode alle til å møte opp på desse møta, slik at vi saman utviklar kommunen vår på ein god måte.

1. februar startar Reidun Halland i jobben som rådmann i Gulen. Eg vil ynskje henne hjarteleg velkomen tilbake til kommunen. Vi er glade for å ha ny rådmann på plass. Likeeins vil eg takke Kari Brekken og resten av staben i kommunen for den jobben dei har gjort i desse månadane etter at Martin Kuliid slutta. Det har vore travle månader, men de har alle gjort ein strålende jobb. Takk til dykk alle.

Mvh Hallvard Oppedal
Ordfører

Helsing frå Reidun

Då er eg i gang i jobben som rådmann... For dei som ikkje kjenner meg så heiter eg Reidun K. Halland. Eg er gift, mor til 3 og busett på Halland i Dalsbygda.

Eg gler meg over å vere i gang. Dette er ein jobb eg for så vidt kjenner godt då eg (som dei fleste kjenner til) var rådmann i perioden 2001 - 2006. Likevel, mykje har skjedd på den kommunale fronten i dei 6 ½ åra eg har vore engasjert i privat sektor. Eg vil dei første månadane bruke mykje tid på å oppdatere meg innan dei ulike fagfelta. Eg ynskjer å bruke tid på å vitje både tenesteeingar og næringslivet.

Gulen kommune er ein flott kommune å bu i. Eg er difor stolt over at eg gjennom rolla som rådmann får ta del i det viktige arbeidet med å utvikle kommunen til beste for innbyggjarane.

Reidun K. Halland
Rådmann

Kunngjering - budsjett 2013 og økonomiplan 2013-2016

Budsjett for Gulen kommune 2013 og økonomiplan 2013–2016 vart vedteke 20.12.12, i K.sak 92/12. Du finn detaljinformasjon på www.gulen.kommune.no.

Næringsfond

Det kommunale næringsfondet skal nyttast til å fremje etablering av ny verksemd og til utvikling av næringslivet. Fondet kan og nyttast til infrastrukturtiltak og tiltaksarbeid. Meir info ligg på www.gulen.kommune.no. Ta kontakt med GMU (Gulen og Masfjorden Utvikling), som er Gulen kommune sitt næringsapparat, om du har ein ide du ynskjer å gå vidare med og ynskjer å søkje om midlar frå næringsfondet.

GMU, Gulafjordvegen 75, 5960 Dalsøyra
Tlf. 57 78 18 32/ 480 33 3312
E-post: torill@gmu.no

Sit du på gamalt arkivmateriale?

Har du gamalt arkivmateriale frå kommunale nemnder eller lag og organisasjonar som er verdt å ta vare på for ettertida?

Det er nok ein del arkivverdige «godbitar» på loft og i kjellarar kringom på gardane. Noko av dette er diverre gått tapt på grunn av fuktskade, eller at det har vorte brent opp.

Vi er spesielt interessert i kommunale protokollar som ligg att etter tidlegare leiarar i kommunale nemnder og utval. Slikt materiale tilhøyrer kommunen, og skal oppbevarast i det kommunale arkivet.

Gulen kommune har avtale med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane om oppbevaring av gamle arkiv. Dei har dyktige arkivarar som skannar, katalogiserar og tek godt vare på materialet.

Du kan gå inn på www.fylkesarkivet.no og finne mykje interessant som dei alt har motteke frå Gulen og andre kommunar i fylket. I tidsskriftet Kjelda har dei presentert ein del spanande stoff frå Gulen, som t.d. den første formannskapsprotokollen etter prost Dahl frå 1837.

Vi vil oppmode alle som meiner dei har noko «historisk» materiale, om å ta kontakt med Gulen kommune
v/Randi Wergeland på tlf. 951 29 903 eller
e-post: randi.wergeland@gulen.kommune.no

Pårørandeskule 2013

Hausten 2013 startar Demensteamet opp att med pårørandeskule i samarbeid med helselaget i Brekke. Vi startar opp 3. september på Dalsøyra skule. Vi møtest annakvar tysdag frå kl 18 – 20, 6 gonger, og avsluttar 12. november.

Tema


- Kva er demens, enkel sjukdomslære og endra åtfærd
- Kommunikasjon og samhandling
- Sorg og tap
- IPLOS, samtykkekompetanse, hjelpeverge og rettstryggleik
- Rettar, tilbod frå det offentlege (kommune og NAV)
- Hjelpemidlar, kva fins av praktiske råd

Alle som har personar med demens i sitt nærmiljø (familie, venn, nabo etc.) er velkommen!

Pårørandeskulen er gratis. Vi kjem attende med nærare informasjon seinare.

Du kan melde deg på, frå i dag og fram til 15. august (siste frist) til Demensteamet.

*Demensteamet i Gulen kommune
Tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag, kl.12.00- 16.00.*



Fritidskontakt for ungdom

Har du nokon gong tenkt at du vil vere med på å gjere kvardagen til andre betre? Som fritidskontakt har du høve til nettopp dette. Er du ein positiv person, med evne til å setje grenser, og moglegheit og lyst til å få med deg ungdom opp og ut, er det nettopp deg vi ser etter! Å være fritidskontakt handlar om å være med ungdom på fritida ca. ein gong i veka, og finne på ting. Det kan vere fjellturar, ski, fotball – berre fantasien set grenser! Ei givande fritid, med stor betydning!

Løn får du etter KS satsane.
Det er krav om at politiattest vert lagt fram.

Er du interessert, eller har spørsmål, ikkje nøl med å ta kontakt med barnevernstjenesta!

Jane Hesjedal: tlf. 997 92 109
jane.hesjedal@gulen.kommune.no

Ann Helen Engesaeter: tlf 948 18 697
ann.helen.engesaeeter@gulen.kommune.no

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside



www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 21 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for trafikktrygging

Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune

Rullering av samfunnsdel og arealdel med høringsfrist 22.04.2013.

Alle bygdemøter leverte gode innspel for bygdeutvikling. Tusen takk!

Strandsoneanalyse del 2 for Gulen pågår. Gjeld områda Sognefjorden, Sognesjøen, Nordgulfjorden, Austgulfjorden, Eidsfjorden og sone langs bygdesenter Brekke, Dalsøyra og Byrknes.

Planlagt 2. gongs bygdemøte i mars/april/mai!

Reguleringsplanar

Revisjon av planforslag pågår for:

- Endring Tuvika hyttefelt gbnr. 83/4 Vatsvik mm.

Avslutta 1. gongs høyring og offentleg ettersyn:

- Kvernevågen, næring og hyttefelt

Planarbeid pågår for:

- Sollibotn industriområde
- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Endring veg til Kyrkjøyna, Rutledal
- Åmdalsvik hyttegrend gbnr. 40/1 Nyborg
- Tausevågen, Byrknes, båthotell, mm.
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4,33 Sande
- Endring Randal hytter gbnr. 86/3 Randal
- Fivelsdal gbnr. 78/3 Fivelsdal hytter

Planarbeid starta opp for:

- Halsvik Industriområde – Rørhandteringsanlegg gbnr. 63/1 og 63/15 Halsvik, frist 01.03.2013.

6 planar ligg på vent hos planleggjar / tiltakshavar.

Ungdomens kulturmønstring 2013

Den lokale UKM 2013 går av stabelen fredag 15. februar i samfunns- huset på Dalsøyra og



då har kommunen sine dyktige ungdomar høve til å vise fram talenta sine for andre.

Arrangementet tek til kl 18.30 og blir etterfølgd av diskotek i regi av 9. klasse ved Dalsøyra skule. Påmeldingsfristen er 8. februar og det er framleis plass til mange sceneinnslag.

Alle er hjarteleg velkomne på mønstringa!

Kulturmidlar 2013

Årets søknadsfrist for kulturmidlar er 31. mars. Søknadsskjema og informasjon om retningslinene for tildeling finn du på kommunen sine nettsider under «Kultur, idrett og fritid».

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt med kulturkonsulent Ingvild M. Høydal ingvild.hoydal@gulen.kommune.no

Gulatingsprogram 2013

Sesongopning søndag 14. april kl 14.00

Solistar/kor/korps frå Gulen/Sogn og Fjordane. Songsolistar og overraskingar. Omvisning i Gulatingsparken og bevertning dersom veret tillet det.

Programmet i perioden april til desember er under utarbeiding no og skal presenterast i ei brosjyre, på plakatar og på nettet i byrjinga av mars. Distribusjon i heile fylket og store delar av Hordaland. Det er viktig at vi får med i programmet større arrangement innan kultur og turisme som elles vert skipa til i kommunen. Eg er takksam om slik informasjon kan sendast til:

Tusenårsstaden Gulatinget
espen.selvik@gulen.kommune.no

Dersom nokon har andre gode idear og framlegg til kva vi kan finna på, er slike innspel også velkomne.

Espen Selvik

Nytt musikkorps er starta i Gulen

Annankvar onsdag er det musikkøving på Eivindvik skule. Her møtast alle som vil spela i musikkorps. Dirigent er Espen Selvik.

Neste øving er onsdag 6. februar kl 20.00, deretter onsdag 20. februar kl 20.00. Ungdom og vaksne som ikkje har spelt på ei stund kan ha stort utbyte av dette. Manglar du instrument ordnar vi det. Det er og planlagt å starte opplæring for å etablera skulemusikkorpset på nytt. Dersom nokon har musikkinstrument heime som dei ikkje nyttar, er vi takksame for å få disponera dei. Kontakttelefon: 409 24 700

Senioruniversitet og bokkafé

Måndag 25. februar kl. 12.30 vert det ny runde med senioruniversitet og bokkafé på biblioteket i Eivindvik. Denne gongen er det lokalhistorikar Magnor Midtun som skal fortelje om Eivindvik før og no. Me har også vore i arkivet og henta fram gamle bileter frå heile kommunen som skal stillast ut i den tidlegare kommunestyresalen. Denne utstillinga vert hengande utover våren og kan besøkast i biblioteket sine opningstider (måndagar 10.30–15.30 og torsdagar 14–19).

Arr. Gulen kommune/biblioteket

Ny leik oppfunnen på Byrknes

Mellomsteget på Byrknes barnehage og skule har funne opp ein heilt ny leik – Hinderball. Tirsdag gjorde NRK Super opptak av leiken, og intervjuja både elevar og lærar. Innslaget vart sendt 21. januar og kan sjåast på nett. Link til innslaget finn du på heimesida til skulen <http://byrknes.skule.no/>



NRK Super er ein kanal for aldersgruppa 8-12 år. Svært mange av innsl

ga er henta frå bymiljø. Derfor er det kjekt at NRK Sogn og Fjordane no fekk klarsignal for eit innslag frå Byrknes barnehage og skule.

I Hinderball set elevane ut stort sett alt av utstyr i gymsalen.

Kassar, benkar, matter og fotballmål blir til gøyemeplassar der ein kan skjule seg for ikkje å bli treft av ballen.

Blir du treft av ballen, er du ute og må gå på sidelinja. Når den som skaut deg, blir skoten sjølv, kan du gå inn att i spelet.

Når du har ballen, kan du kun gå tre steg før du må skyte. Det vanlege er å bruke to ballar samtidig. Elevane har også prøvd med tre ballar samtidig.

Sidan spelet er nylaga, er ikkje alle reglane på plass og nye reglar vert derfor laga når det trengs. Tirsdag kom det ein ny regel: "Dersom noko av utstyret dett ned (f.eks matter), er du fri medan du set utstyret på plass att."

Opning av ungdomsklubben i Eivindvik

Snart er det duka for opning av ungdomsklubben i Eivindvik og ungdomen får endeleg ein flott møteplass der dei kan samlast. Ungdomsklubben held til i Vårtun Eivindvik.

Er du over 18 år og kunne tenke deg å engasjere deg i Ungdomsklubben, ta kontakt med Astrid Opdal eller Margrethe T. Trædal.



*Kunst, mat og husflidsmesse på
Oppdalsøyra 23. og 24. mars.*

Meld deg på innan

17. februar til.

Henrikka Hantreit.

57 78 34 41 eller

Liv Marit Kjelby.

57 78 34 55